



Årsmelding Suldal O-lag 2004

Innhald

Innhald.....	1
Årsmøtet i Suldal O-lag 4.desember 2004	2
Styret i 2004	3
Møte og saker:.....	4
Representasjon:	4
Økonomi:	4
Kartarbeid:	4
Løypemerking	4
Aktivitatar:	4
Andre møter:	5
Planar for 2005.....	5
Løp me har delteke i:.....	6
Vikesprinten Vikebygd 24.4.2004	6
Bjoasprett 25.04.04.....	6
KM Mellom Gandal 22.5.2004	6
KM-sprint Odde 5.6.2004	6
Kretsløp Sauda 12.6.2004	6
KM Ultralang Suldal 13.6.2004	6
KM Sprint Haugesund 19.6.04.....	6
Vestlandsmesterskap 14.8.2004	6
KM lang Sandsnes 4.9.2004.....	6
KM stafett Stavanger 5.9.2004.....	6
Rogalandsranking 2004.....	6
Pokalkampen 2004.....	6
Årsmelding frå Turorienteringa 2004	7
MATERIALOVERSYN2004	8
Årsrapport for Trenings- og instruksjonskomiteen.....	9
Resultat	10
BUDSJETTFORSLAG FOR ÅR 2005.....	11
Løpsstatistikk 2003.....	12

Årsmøtet i Suldal O-lag 4.desember 2004

Saksliste:

1. Opning av årsmøtet
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Val av ordstyrar og referent
4. Årsmeldingar
5. Rekneskap
6. Årspengar
7. Budsjett
8. Innkomne Saker
9. Val
10. Utsendingar til kretstinget

Årsmelding frå styret

Suldal O-lag er medlem av NOF (Noregs Orienteringsforbund) og NIF (Noregs Idrettsforbund).

Styret og tillitsvalde:

Styret i 2004

Leiar	Michel Willig	på val
Nestleiar	Albert Nærheim	
Sekretær	Tore Thorsen	
Kasserar	Reidar Blesvik	på val
Oppmann	Magnar Nerheim	på val
Materialforvaltar	Magnar Nerheim	på val
Turorientering	Egil Fugleberg	
	Bibbi Olsen Krobath	på val
Trenings- og instruksjonskomiteen:	Jan Erik Kristensen	
	Jon Nærheim	på val
Husnemnd	Olav B. Lien	
	Jacob Bøe	på val
Varamedlem	Arne Hilde	på val
Valnemnd	Ingvar Olimstad	
	Karin Hole	på val
Revisor	Gyrid Bakka	på val

Medlemstal: 88

Møte og saker:

Årsmøtet vart halde 22. november 2003 på Sauda v.g. skule avd. Sand.
29 medlemmer var til stades.
Styret har hatt 5 styremøte og arbeidd med 29 saker.

Representasjon:

Formannen og nestformannen representerte Suldal o-lag på årsmøtet i Rogaland o-krets i januar.

Årsmøte i idrettsrådet : Michael møtte. Michael gjekk av som leiar i idrettsrådet, og har såleis møtt på alle møta rådet har hatt dette året.

Økonomi:

O-laget har framleis solid økonomi. Rekneskapen viser eit overskot på 98.000 og ein total behaldning på omlag 269.000. Overskotet er resultat av etterbetaling av offentleg tilskot for utførte kartprosjekt. Nytt kartprosjekt på Hedlebrekk er starta opp, og vil redusere eigenkapitalen med omlag kr 90.000 neste år.

Kartarbeid:

Brødrene Fossøy er ferdige med synfaringa av Hedlebrekkområdet. I løpet av 2005 kan me ta i bruk vårt nyaste kart.

Løypemerkning

Albert og Egil tok på seg å merka turløypa mellom Mosvatnet og Vasstøl.

Aktivitetar:

<ul style="list-style-type: none">• Vinterkarusell• Romjulsmarsj 49 deltakarar• Skiorientering – ope Suldalsmeisterskap• Ski-turorientering• Innetrening (innebandy) heile vinteren og utetrening(gate-orientering) det meste av vinteren.	<ul style="list-style-type: none">• Nybegynnarkurs• To familiestafettar• Orienteringsdag for 6. klasse, Sand skule.• Sommarkarusell.• Turorientering.• Kretsmeisterskap• Klubbmeisterskap• aktivitetsdag for trimgruppa
---	--

. **Kretsmeisterskapet** KM LANG 13.juni var eit vellukka arrangement som laget har fått gode tilbakemeldingar på. Styret takkar dei mange funksjonærane for god innsats og stor velvilje.

Utanom eigne arrangement, har 13 av medlemmene våre deltatt i andre løp med til saman 26 startar. Suldal O-lag deltok i 1. divisjon i pokalkampen for Rogaland og Sunnhordland. Neste år må me nøye oss med eit år i 2. divisjon.

Andre møter:

Etter initiativ frå Albert kalla kommunen inn til eit møte den 24. april mellom grunneigarar og andre brukarar av skog og utmark. Michael, Albert og Egil møtte for o-laget. For o-laget sin del konkluderte møtet med at programmet vårt for vår, sommar og haust skal annonserast i Suldalsposten og vera gjenstand for høyring blant interessentane. Til nå er det ikkje komme innvendingar mot løps- og trim-programmet vårt.

Planar for 2005

Suldal o-lag går inn i eit jubileumsår. I 2005 er det 25 år sidan laget vart starta. Det er tidligare snakka om å laga eit jubileumshefte der me samlar stoff - historikk, mimrehistorier og bilde - frå dei første 25 åra i Suldal o-lag. I denne komiteen har me Albert, Tore og Ingvar. Om nødvendig kunne me også prøva å få hjelp av Ernst Drange. Prosjektet bør seinast vera ferdig til årsmøtet 2005.

I august blei me kjende med Birger Holtermann, ein tysk o-løpar, og han deltok i løpet på Augnastøl. Nå planlegg orienteringsklubben hans i Tyskland eit besøk hos oss. Dei peikar på første veka i august som eit aktuelt tidspunkt. Me satsar på å arrangera minst eit løp på denne tida.



**Løp me har delteke i:
Vikesprinten Vikebygd 24.4.2004**

Herrer

16. Magnar Nerheim

Bjoasprett 25.04.04

Ranking nr.1

H60:

1. Magnar Nerheim

KM Mellom Gandal 22.5.2004

H60:

10. Magnar Nerheim

KM-sprint Odda 5.6.2004

H55:

5. Albert Nærheim

Kretsløp Sauda 12.6.2004

H60:

7. Albert Nærheim
8. Magnar Nerheim

KM Ultralang Suldal 13.6.2004

H11-12:

1. Tobias Ten Napel
4. Runar Blesvik

H17K:

1. Lars Bjørke
2. Karl Ingar Blesvik

H19K:

7. Alf Odden

H60:

1. Magnar Nerheim

KM Sprint Haugesund 19.6.04

H17-

37. Magnar Nerheim

Vestlandsmesterskap 14.8.2004

Stord

H60

15. Magnar Nerheim
16. Albert Nærheim

KM lang Sandsnes 4.9.2004

H60

1. Magnar Nerheim
5. Albert Nærheim

KM stafett Stavanger 5.9.2004

H140

7. Magnar Nerheim
Jon Nærheim
Albert Nærheim

Rogalandsranking 2004

H60:

1. Magnar Nerheim
9. Albert Nerheim

Pokalkampen 2004

Suldal O-lag kom på 9. plass og mister plassen sin i
1. Divisjon.

Årsmelding frå Turorienteringa 2004

Komiteen for turorienteringa har vore Bibbi Krobath Olesen og Egil Fugleberg. I tillegg har me fått hjelp av Michael Willig, Albert Nærheim, Jon Nærheim og Magnar Nerheim til trykking av kart og innsamling av postar etter turorienteringa på ski.

Turorientering på ski:

Me hadde ute 36 postar på Storrdalsheia, rundt Stølsrunden, Breiastølsdalen, Hedlebrekk og ved Mosvatnet.

I alt vart det delt ut ca. 60 kart. Av desse vart 14 levert inn, nesten halvparten var tur-folk under 12 år.

Til vinteren vil me prøva med farge på karta - håpar det gjer kartlesinga lettare og samtidig vert opplegget meir motiverande. Me vil óg ha ute fleire postar, men kortare avstand mellom postane.

Turorientering om sommaren:

Me har hatt 60 postar fordelt slik:

30 på Gullingen-kartet

20 på Ørekvam-kartet

10 på Fjellkartet, utsnitt over Storrdalsheia/Skuteheia i målestokk 1:12.500

I alt vart det selt 45 konvoluttar (32 konvoluttar i fjor) og 19 ekstra ark.

Laget selde sjølv 18 konvoluttar og 9 ekstra ark.

Sand Sport 12 konvoluttar og 6 ekstra ark.

ICA Sparmat 1 konvolutt og 1 ekstra ark.

Gullingen 5 konvoluttar

Turistinformasjonen 9 konvoluttar og 3 ekstra ark.

24 tur-folk sende inn kontrollskjema når sesongen var over,

Nokon nye turorienterarar er komne med på listene våre, men dei fleste er folk som har funne postar før.

Dessverre er det svært få unge med, sjølv om me la vekt på å gjera det meir attraktivt for desse. Det var fleire postar (frå 40 auka til 60), alle postane låg i høgheia med flott turterreng.

Men me gjev ikkje opp. Målet vårt var å selja 60 konvoluttar. Me har same målet for 2005. Planlegginga er godt i gang allerede. Alle postane får "ny layout" med ny maling. (Men framleis vert dei raude og kvite!)

Me prøver nok ein gong å få ungane og ungdommen med. Turorientering er glimrande til rekruttering. Derfor vil me auka talet på postar endå meir for å få tettare postplassering.

Andre gode råd tek me imot med takk!

MATERIALOVERSYN2004			
O-skjerm, små	45 stk	MERKER:	
O-skjerm	50 "	Gullingen fjellorintering	30 stk
Klypetenger	85 "	Gullingen fjellorintering 3 års	148 "
Stiftklemer	43 "	Gullingen fjellorintering 5 års	448 "
Start-ur	1 "	Ungdomsmerker	17 "
Telt	4 "	Klubbmerker i metall	60 "
Kokeapparat 3 blus	1 "	Klubbmerker i stoff	40 "
Propanflaske	1 "	PLASTPOSAR/ STARTKORT:	
Kartpåtrykkjar	1 "	Kartposar A3	50 "
Plastsveisar	1 "	Kartposar A4	100 "
Førstehjelpskrin	1 "	Kartposar A5	100 "
Lykter for nattorientering	2 "	Plastlommer stifteklemmer	500 "
20l plastkanner	3 "	Startkort for klippetenger/ stiftklemmer	130 "
Plaststolper	25 "	O-KLEDE :	
Resultatlommer i plast	520 "	T-trøyer Suldal O-lag	0 "
Drikkebeget, plast	50 "	Overtreksbukse str. 175 M	1 "
Drikkebeget, papp	0 "	Gamle løpsdraktar:	
Arbeidsark for begynnarar uten erfaring	0 "	Bluse 150 Sxx	1 "
Instruksjonskompass	1 "	" 160 Sx	3 "
Klassesett, kompass m/koffert	9 "	" 170 S	2 "
Arbeidsark for begynnarar med liten erfaring	0 "	Bukse lang 160 Sx	4 "
Arbeidsark for begynnarar med erfaring	0 "	" " 170 S	1 "
Overheadtransparent, arb. ark med fasit	1 "	Nye løpsdraktar :	
Spel	2 "	Bluse 150 Sxx	1 "
Videofilm " I ukjent terreng	1 "	" 160 Sx	5 "
Videokassetar, Diverse opptak	2 "	" 170 S	3 "
Premiar	Ca 4000 kr	" 175 M	4 "
EKT-Utstyr		" 185 L	6 "
Varsjon 2:		" 190 Lx	0 "
Mini-Time Recorder MTR2	2 stk	Bukse knekort 170 S	1 "
Mål-/online enhet M/RS	1 "	" " 175 M	5 "
Løpsbrikker 2.-02	13 "	" " 185 L	1 "
Termisk printer til MTR	2 "	" " 190 Lx	1 "
Postenhet fra nr. 90 –102 nye 2002	10 "	Bukse lang 150 Sxx	0 "
Postenhet nr. 175	2 "	" " 160 Sx	7 "
Postenhet fra nr. 103 – 117 nye 2004		" " 170 S	3 "
Startposter	2 "	" " 175 S	7 "
Postenhet nr. 100	1 "	" " 185 L	8 "
Postenheter fra nr. 50 - 87	33 "	" " 190 Lx	0 "
Løpsbrikker	16 "		
Stemplingslapper	1 " rull		
Papirruller	1 " "		
		KART :	
Tur O – merker:		Sand 2000 1:5000	500 stk
Bronse: 5 stk Sølv: 5 stk Gull: 5 stk		Stegåsen 2000 1:10 000	550 "
Bronse plakett		Jelsa skule 1999 1:2 500	900 "
Sølv plakett		Vinjar 1997 1:5000	740 "
Gull plakett		Gullingen 2003 1:10 000	2500stk
20 år plakett		Nesflaten 1988 1:10 000	700 "
25 år plakett		Middagsåsen 1981 1:10 000	600 "
		Mosåno 1999 1:10 000	2900 "
DATDUTSTYR :		Nesflaten 1988 1:10 000	700 "
Skjerm 17" 1stk		Augnastølsvaten 1998 1:10 000	1950stk
Laserskriver 1stk		Ørekvam 1986 1:10 000	650 "
		Turkart Mosvaten 2001 1:25 000	1150stk
		Turkart Mosvaten 2001 1:25 000 liten format	45stk

Årsrapport for Trenings- og instruksjonskomiteen.

Trenings- og instruksjonskomiteen har i 2004 bestått av :

- Jon Nærheim
- Jan Erik Kristensen

Jon har delteke på nokre av styremøta til klubben.

Komiteen har i år hatt 2 møte og nokre telefonmøte.

Sakene som har vore tatt opp var desse :

- Terminliste haust- og vintertrening 2004
- Plan for nybyrjar-kurs -2004
- Terminliste O-sesongen -2004
- Terminliste haust- og vintertrening 2005
- Oppsummering sesong -2004/Årsrapport

Det har i år ikkje vore noko miljø-/treininghelg samling, men komiteen saman med styret har planar for ei samling neste sesong.

Nybyrjarkurset i år blei halden både på Sand og på Osen. Første kurskvelden gjekk kvar for seg, medan 2. og 3. kurskvelden var felles med familiestafetten som avslutning på kurset. Svært få nye deltakarar, men arbeidet med nybyrjarkurset vert likevel vidareført til neste år.

Spørsmål til årsmøtet:

- ➔ Me treng 1-2 nye personar i komiteen – kven?
- ➔ Korleis kan me få fleire deltakarar til nybyrjarkurset?

Målet for 2005-sesongen er :

- Få med fleire på vintertreninga i Suldalshallen på onsdagar.
- Skipa til ei ny miljøsamling i vinter/vår.
- Klare å trekkje nybyrjargruppa med vidare i sesongen

Ein viktig faktor for å oppfylle det siste punktet, er etter komiteen si meining å unngå kollisjonar med andre idrettar og organisasjonar på onsdagen. Eit arbeid for ein kultursekretær på kulturhuset.

Jan Erik Kristensen


Jon Nærheim

Resultat


SULDAL O-LAG
REKNESKAPS-SAMANDRAG 2004
PERIODEN 01.11.03 - 31.10.04

	INNTEKTER	UTGIFTER
1. Overført frå 2003	kr 171 034,90 ✓	
2. Samlingar, årsmøte, kurs		kr 3 682,50
3. Reiseutgifter, O-løp		kr 3 445,40
4. Startkontingent, andre løp		kr 1 215,00
5. Karuselløp	kr 2 587,50	
6. Materiell, premiar		kr 33 890,15
7. Annonser		kr 1 735,87
8. Kretskontingent, premiefond		kr 1 350,00
9. Kartsal	kr 130,00	
10. Tur-orientering	kr 2 170,00	kr 640,00
11. Medlemskontingent	kr 4 800,00	
12. Kartprosjekt	kr 118 596,00	kr 19 686,00
13. Renter og gebyr	kr 4 931,00	kr 106,00
14. Kretsløp Gullingen	kr 17 885,00	kr 4 132,00
15. Tilskot, kulturmidler	kr 23 140,00	
16. Forsikringspremie, klubblokale		kr 4 037,00
17. Ymse (porto, kopiering, postboks m.v.)		kr 1 907,74
	kr 345 274,40	kr 75 827,66
Sum beholdning kasse/bank pr. 31.10.04		kr 269 446,74 ✓
Sum	kr 345 274,40	kr 345 274,40

Sand, 25.11.04



Reidar Blesvik
kasserar



Revidert: Gyrid Bakka
Dato: 1/12.04 revisor

BUDSJETTFORSLAG FOR ÅR 2005

	INNTEKTER		UTGIFTER	
2. Samlinger, årsmøte, kurs ¹⁾	kr	1 000.00	kr	25 000.00
3. Reiseutgifter, O-løp	kr	-	kr	4 000.00
4. Startkontingent, andre løp	kr	500.00	kr	2 000.00
5. Karuselløp	kr	2 700.00	kr	-
6. Materiell, premiar	kr	-	kr	15 000.00
7. Annonser	kr	-	kr	2 000.00
8. Kretskontingent, premiefond	kr	-	kr	5 000.00
9. Kartsal	kr	500.00	kr	-
10. Tur-orientering	kr	2 300.00	kr	700.00
11. Medlemskontingent	kr	5 000.00	kr	-
12. Kartprosjekt ²⁾	kr	-	kr	90 000.00
13. Renter og gebyr	kr	2 000.00	kr	200.00
14. Løpsarrangement	kr	15 000.00	kr	5 000.00
15. Tilskot, kulturmidler	kr	20 000.00	kr	-
16. Forsikringspremie, klubblokale	kr	-	kr	3 600.00
17. Ymse (porto, kopiering, postboks m.v.)	kr	-	kr	3 000.00
Sum	kr	49 000.00	kr	155 500.00

Overskot/underskot kr -106 500.00

¹⁾ Det er tatt med evt. jubileumsløp/bevertning

²⁾ Gjelder utgifter til nytt kart Hedlebrekk.

Førebels er det utbetalt om lag kr 50.000 etter avslutta rekneskap.

Det er søkt om tippemidler kr 88.000, forventa utbetalt i 2006.

Løpsstatistikk 2003

	Vikebygd IL. Vikasprinten	Bjoa IL. Sonemesterskap R1	Ganddal IL. K.M. Mellomdis. R2	Odda O-lag. sprint	Sauda O-lag R3	Skuldal O-lag KM Ultralang R4		Haugesund IL. KM Sprint R5	Sveio OL Vestlandsmesterskap		Sandnes IL KM langdistanse 7R	Stavanger O-klubb KM -stafett		Veteranmestersk.	Sørlandsgalopp	Løp prr deltakar
År2004	24/4	25/4	22/5	5/6	12/6	13/6		19/6	14/8		4/9	5/9				
Albert				1	1				1		1	1				5
Magnar	1	1	1		1	1		1	1		1	1				9
Alf						1										1
Karl Ingar Bl.						1										1
Runar						1										1
Heine						1										1
Kjetil Fo.						1										1
Tobias						1										1
Jon						1						1				2
Øyvind						1										1
Sidsel Økstra															1	1
Bård Ø.															1	1
Lars Bj.						1										1
løpere	1	1	1	1	2	10		1	2		2	3			2	26